

Spørsmål og svar for betalar på AvtaleGiro



automatisk betaling av faste rekningar



Kva er fordelen med AvtaleGiro?	AvtaleGiro er enkelt, effektivt, oversiktleg og du har full kontroll på rekningane dine. <ul style="list-style-type: none">• Du blir varsle minst 7 dager før forfall• Kontoen din blir automatisk belasta ved forfall, du slepp å betale giroen i nettbank eller i banken. (Treng ikkje nettbank.)• Du slepp purring og gebyr ved for sein betaling• Du kan stoppe ei betaling• Du har full oversikt over betalte rekningar i nettbanken og på kontoutskrifta
Kva kostar det å bruke AvtaleGiro?	Høyr med bankforbindelse din Generelt ein av dei billegaste måtar å betale rekningar på.
Korleis kjem eg i gong med AvtaleGiro?	<ul style="list-style-type: none">• Tilbod i nettbanken – Når du betalar ei rekning til ei bedrift som tilbyr betaling med AvtaleGiro, vil du i dei fleste nettbankar få spørsmål om du ynskjer å opprette en AvtaleGiro avtale. Ved å akseptere tilboden, blir avtalen oppretta.• Elektronisk signering – Dersom du har Bank-ID, gå inn på heimesida til bedrifta (kommunen) som du ynskjer AvtaleGiro avtale med og sjå om dei tilbyr elektronisk signering med Bank-ID• Tilbod i posten – Du kan oppleve at nokre bedrifter som du betaler rekningar til, sender deg tilbod om AvtaleGiro i posten. Fyll ut svarkupongen og send den i retur.• Kontakt banken – Banken din hjelper deg med informasjon om kva bedrifter som tilbyr AvtaleGiro, eller du kan sjå dei som tilbyr AvtaleGiro på www.avtalegiro.no
Kva meiner ein med beløpsgrense?	Beløpsgrense er maksimumsbeløpet som du tillet å bli trekt frå kontoen din via AvtaleGiro. (Ikkje sett denne grensa for lavt.)
Kan eg velje å ikkje motta varsel forut for betalinga?	Betalingsmottakar plikter å varsle kundane sine 7 dagar før belastinga Dersom du ikkje har behov eller ynskje om å motta slikt varsel, ta kontakt med banken din.

Spørsmål og svar for betalar på AvtaleGiro

Kan eg stoppe ei betaling eller avslutte en AvtaleGiro avtale?	Ja, du kan både stoppe betalingar og avslutte avtalar Stopp av betalingar og avslutning av AvtaleGiro avtaler kan gjerast i nettbanken eller ved å kontakte bankforbindelsen din.
Kvifor er ikkje betalinga gjennomført, når eg har oppretta avtale og pengar er på konto?	Kontroller at avtalen er oppretta i eigen bank/nettbank, og at beløpsgrensa ikkje er sett for lavt. Beløpsgrensa kan du sjølv endre i nettbanken, eller ta kontakt med bankforbindelsen din for hjelp. Bedrifta/betalingsmottakar har ingen informasjon om kva beløpsgrense som er registrert. <i>Dersom alt er i orden i banken, sjekk med betalingsmottakar om han faktisk har registrert at du skal betale med AvtaleGiro.</i>
Kva skjer når eg ikkje har dekning på konto på forfallsdatoen?	De fleste bankar gjer ytterlegare dekningskontollar de neste fire virkedagane etter forfall. Om du framleis ikkje har dekning, vil du sjå i nettbanken at betalinga er stoppa – denne kan du sjølv aktivere igjen. Nokre bankar vil informere kundane når ei betaling er stoppa, og vil gje opplysning om korleis de kan betale den forfalte rekninga.
Eg har bytta bank, kva kan eg gjere for å halde fram med AvtaleGiro?	Opprett AvtaleGiro avtale i den nye banken Når du opprettar AvtaleGiro avtale i den nye banken vil den gamle avtalen automatisk bli avslutta. Ny avtale kan du opprette sjølv i den nye nettbanken eller ved å kontakte den nye bankforbindelsen.